



Senter for internasjonalisering av utdanning  
Postboks 1093  
5809 BERGEN

Dato: 19.05.2015  
Vår ref.: 2014/24696-5  
Saksbehandlar: berroks  
Dykkar ref.:

## **Søknad om godkjenning av studieopphald ved Scandinavian School of Brussels med støtte frå Lånekassen - tilleggsopplysningar**

Hordaland fylkeskommune (HFK) viser til vår søknad av 9. mars 2015 om godkjenning av studieopphald med støtte frå Lånekassen for elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar ved Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015 – 2016. Vidare viser vi til svaret frå SIU av 27. mars 2015 der SIU skriv at søknaden frå HFK kom for seint til å kunne bli vurdert for eventuelt å bli inkludert i statsbudsjettet for 2016. SIU ønskjer også fleire opplysningar om korleis studieopphaldet vil oppfylle vilkåra i forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte av utvekslingsorganisasjonar og samarbeidsprogram mellom norsk vidaregåande skule og utanlandsk skule.

Vi er glade for at SIU vil vurdere søknaden for eventuelt å inkludere samarbeidsprogrammet i statsbudsjettet for 2017, og vi legger ved ein kopi av avtalen mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels med fleire opplysningar om samarbeidsprogrammet.

Dei norske elevane vil ha ein kontaktperson på den utanlandske skulen. Dei vil også ha ein kontaktperson/koordinator på Bergen Katedralskole som vil følgje opp elevane gjennom skuleåret. Alle elevar i våre vidaregåande skular som er under 18 år, skal ha følgjeperson på utanlandsreiser. Både føresette og elevar vil bli informert om samarbeidsprogrammet før studieopphaldet tek til, og føresette vil kunne ha kontakt med koordinator gjennom skuleåret. Som det går fram av samarbeidsavtalen, vil den utanlandske skulen vere ansvarleg for å følgje opp eventuelle konflikhtar. Bergen Katedralskule vil også ha rutinar for dette, og frå norsk side vil koordinatoren ha det daglege ansvaret.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Berit Roksvåg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Samarbeidsavtale mellom Bergen Katedralskole og SSB